



Sp - nær folk



5. JUNI

Verdas miljødag

www.senterpartiet.no



VERDAS MILJØDAG

I Senterpartiet har me lang tradisjon for å markera Verdas Miljødag, enten på sjølve dagen 5. juni, eller næraste helg. Miljødagen blei markert for fyrste gong i 1973, og har sidan vorte markert årleg under FNs Miljøprogram. Miljødagen er ein stor begivenhet kvart år. Dagen feirast av millionar av menneske over heile kloden, saman med myndigheiter, næringsliv, byar og frivillige organisasjonar.



Årets tema er løysingar på plastforureining. Kloden vår kvelast i plast. Difor er det på tide å endre korleis vi produserar, konsumerar og kvittar oss med den plasten vi brukar. Sjølv om plast har monge verdifulle bruksområder, har vi blitt avhengige av plastprodukt. Dette har alvorlege konsekvensar for miljøet, samfunnet, økonomien og helsa vår. Rundt om i verda vert det solgt ein million plastflaske kvart einaste minutt. Nær fem billionar plastposar blir brukt kvart einaste år. Halvparten av all plasten som produserast, er beregna på å kastast etter bruk.

KORLEIS KAN VI BIDRA ?

Det er mykje vi kan gjere for å bidra til å bekjempe bruk av plast og mindre forsøpling. Her er ti tips til inspirasjon:



1. Lokal opprydding
2. Begrens bruk av eingangspplast
3. Kildesorter og resirkuler
4. Unngå produkt med mikroplast
5. Unngå klede med plast
6. Lag mat heime
7. Gjenbruk
8. Bruk eigen kopp og vatnflaske
9. Støtt miljøorganisasjonar
10. Snakk om det!



SENTERPARTIET OG UTVIKLINGSFONDET

Senterpartiet inngikk eit samarbeid med Utviklingsfondet i 2020 om å støtte deira arbeid med å forbetre matsikkerheit, klimatilpassing og lokaldemokrati i Nepal. Prosjektet finn stad i Dang-distriktet, sørvest i landet. Dang-distriktet er utsatt for både flom og lange tørkeperiodar. Dei antekne klimaendringssenarioane for Nepal anslår at det i fremtida vil bli meir intens tørke, stormar og katastrofar. Målgruppa er i hovudsak småskala bønder på landsbygda.

Prosjektet har 5 hovedmålsettingar:

- Auka matsikkerheit
- Auka klimatilpassingskapasitet
- Auka inntektar
- Styrka sivilsamfunn og lokale institusjonar
- Auka likestilling og inkludering

Les meir om prosjektet på www.senterpartiskolen.no.



Foto: Harald Herland

Vi vonar at så mange som mulig ynskjer å støtte Utviklingsfondets prosjekt for å styrke arbeidet med å sikre klimatilpassing, matsikkerheit og godt styresett i Nepal.

**FOR Å GI DI STØTTE,
VIPPS ØNSKA BELØP TIL 506624**

Plast finst no overalt i vårt naturlege miljø: i havet, naturen og i kroppane til dyr og menneske. Det er naudsynt med eit breitt spekter av tiltak frå haldningsendring og forbrukaransvar til samarbeid mellom nasjonar for å få bukt med dette problemet.

UTDRAG FRÅ SENTERPARTIETS PROGRAM 2021-2025:

Senterpartiet vil:

- Ta initiativ til ein bransjeavtale for omlegging til fossilfri plast.
- Innføra tiltak for å stoppa plast på avvege, og stoppa tilførsel av plast til vassdrag og havet.
- Utvida og forsterka produsentansvarsordninga for avfall.
- Gjera det gratis for private eller organisasjonar som gjennomfører t.d. strandrydding, å levera inn avfall frå havet og strendene.
- Gje kommunane lovheimel til å ilegga gebyr i forsøplingssaker.
- Gje kommunane høve til å belasta kostnadar til handtering av såkalla herrelaust avfall sjølvkostområdet i renovasjonsordninga.
- Ta initiativ til ei utgreiing om pantesamarbeid i Norden.
- Erstatte grunnavgifta på emballasje med ei insentivavgift basert på materialbruk som vert gradert etter ikkjefernybart innhald og at det vert forhandla fram ein bransjeavtale om dette.
- Redusera matsvinn til eit minimum ved tiltak som femnar både produsent, daglegvarekjedene og forbrukarane.

